



Frank Thomas Ellingsund
Kleppevegen 98
5308 KLEPPESTØ

Vår ref.:
25/10739 - 25/59370 / IRSI

Dykkar ref.:

Dato:
05.11.2025

Delvis innsyn i sals- og marknadsstrategi Bordgleder KF 2024-2028

Vi viser til ditt innsynskrav datert 20.10.2025 der du ba om innsyn i «sals- og marknadsstrategi Bordgleder KF 2024-2028».

Sak 024/24 «Sals- og marknadsstrategi Bordgleder KF 2024-2028» var oppe til behandling i Bordgleder KF sitt styremøte 14.10.2024, dokumentnummer 24/50440.

Vedtak

Kinn kommune har vurdert dokumentet etter offentleglova, og gjev deg delvis innsyn. Nokre delar av dokumentet er haldne tilbake etter offentleglova § 14 første ledd, som gjeld dokument som organet har utarbeidd for eiga interne saksførebuing. Dei delane av dokumentet som ikkje er unnatekne, er offentlege og ligg vedlagt.

Grunngjeving

Etter offentleglova § 14 første ledd kan eit organ gjere unntak frå innsyn for dokument som det sjølv har utarbeidd for eiga interne saksførebuing. Føremålet med føresegna er å sikre at forvaltninga kan utveksle vurderingar, drøfte alternative løysingar og førebu avgjerder på ein fri og uavhengig måte.

Dei delane som er unnatekne, inneheld interne vurderingar, råd og drøftingar som ikkje er meint for ekstern bruk. Resten av dokumentet er vurdert som offentleg og blir gitt ut.

Vurdering av meirinnsyn

Vi har vurdert om vi kan gi meirinnsyn etter offentleglova § 11, men har kome til at omsynet til kommunen sin interne saksførebuing veg tyngre i denne saka.

Klagerett

Avgjerda om innsyn kan klagast på etter offentleglova § 32. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet du mottok dette brevet.

Klagen bør nemne kva vedtak du klagar på, grunngjevinga for klagen og eventuelt kva for dokument eller opplysningar du ønsker innsyn i.

Dersom Kinn kommune opprettheld vedtaket etter ny vurdering, blir saka sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Klaga kan sendast på ein av følgande måtar:

- Kinn kommune, Postboks 294, 6701 Måløy
- [eDialog](#)
- post@kinn.kommune.no

Vi ber om at du oppgjev saksnummeret for innsynssaka i all vidare korrespondanse, slik at vi kan handsame saka di raskt og korrekt.

Helsing

Irene Sivertsen
arkivleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Halvor Halvorsen

Øyvind Bang-Olsen

Brendøyvegen 7

6906

FLORØ

Vedlegg

offentlig tilgjengelig salgs og marknadsstrategi 2024-2028